BOSCH



# Viktig tryggleiksinformasjon

**Frivillig tryggingstiltak for vinkelsliparar – gjeld:**

- **Seriane GWS 20, GWS 22, GWS 24, PWS 20, PWS 1900, PWS 2000, produserte i tidsrommet juni til august 2016**
- **Modellen GWS 24-230 JVX Professional med brems, produsert i tidsrommet februar til oktober 2016.**

Bosch Power Tools legg stor vekt på kvalitet og tryggleik for produkta sine. Det aller viktigaste for oss er at kundane våre er nøgde. Difor vil vi gjerne informere om eit frivillig tryggleikstilknytta tiltak.

I samband med kvalitetssikringstiltaka har vi konstatert at på ei avgrensa mengd vinkelsliparar kan kappe- eller slipeskiva og festeinnretninga losne under drift på grunn av ein defekt komponent. Ein kan difor ikkje sjå bort frå at dette i sjeldne høve kan føre til kuttskader eller skrammer.

For å oppfylle ansvaret overfor kundane har vi valt å kalle tilbake alle potensielt berørte maskiner og om nødvendig skifte dei ut eller reparere dei. Utskifting og reparasjon er sjølvsagt gratis for dykk.

**Dei aktuelle vinkelsliparane må ikkje nyttast frå no av og heller ikkje gjevast vidare.** Dersom du i mellomtida har selt eller gjeve vidare ein slik maskin, bed vi deg om at du så snart råd er sender denne tryggleiksinformasjonen vidare til mottakaren, for å sikre at dei aktuelle maskinene ikkje nyttast.

Dette gjeld maskiner i seriene GWS 20, GWS 22, GWS 24, PWS 20, PWS 1900, PWS 2000, som vart produserte i Russland i tidsrommet juni til august 2016, og modellen GWS 24-230 JVX Professional med brems, produsert i tidsrommet februar til oktober 2016. Dei kan identifiserast eintydig ut frå produksjonsland ved hjelp av maskin- og serienummer (sjå neste side):

| Modell | Maskinnummer | Serienummer |
|---|---|---|
| GWS 20-230 H | 3601H50102 / 3601H50L01 / 3601H50L03 / 3601H50L62 / 3601H50L72 / 3601H50L73 | 606... - 608... |
| GWS 20-230 JH | 3601H50M01 | 606... - 608... |
| GWS 22 - 180 H | 3601H81102 / 3601H81L02 / 3601H81L62 / 3601H81L72 | 606... - 608... |
| GWS 22-180 JH | 3601H81M02 | 606... - 608... |
| GWS 22 - 230 H | 3601H82103 / 3601H82L03 / 3601H82L63 / 3601H82L73 | 606... - 608... |
| GWS 22 - 230 JH | 3601H82202 / 3601H82M03 / 3601H82M32 / 3601H82203 | 606... - 608... |
| GWS 24-180 H | 3601H83101 | 606... - 608... |
| GWS 24-180 JH | 3601H83M01 | 606... - 608... |
| GWS 24-230 H | 3601H84101 / 3601H841P1 / 3601H84L01 | 606... - 608... |
| GWS 24-230 JH | 3601H84201 / 3601H84M01 / 3601H84204 | 606... - 608... |
| GWS 24-230 JVX | 3601H64505 / 3601H64U07 / 3601H64Z05 | 602... - 610... |
| PWS 20-230 | 3603C59W09 | 606... - 608... |
| PWS 1900 | 3603C59W08 | 606... - 608... |
| PWS 2000-230JE | 3603CC6000 / 3603CC6030 | 606... - 608... |

Modell, produksjonsland og maskin- og serienummer kan lesast av på typeskiltet til maskinen:



Bosch Power Tools seier seg lei for desse kvalitetsproblema og bed alle forbrukarar om orsaking.